



STORTINGET

Representantforslag 274 S

(2024–2025)

frå stortingsrepresentantane Torgeir Knag Fylkesnes, Kathy Lie, Marian Hussein og Ingrid Fiskaa

Dokument 8:274 S (2024–2025)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Torgeir Knag Fylkesnes, Kathy Lie, Marian Hussein og Ingrid Fiskaa om å setja fredsarbeid i sentrum av norsk utanrikspolitikk

Til Stortinget

Bakgrunn

Valdsbruken i verda er aukande. 59 stader i verda opplevde væpna konflikt i 2023, nær ei dobling av talet på konflikhtar samanlikna med starten av 2000-talet. Krigane påfører sivile enorme lidningar, øydeleggingane av bustader og sivil infrastruktur er massive, og historisk mange har lagt på flukt. Nokre av dei pågåande krigane dominerer nyheitsbiletet, det offentlege ordskiftet, pengebruk og politiske prioriteringar både i Noreg og andre land som ikkje sjølv er direkte ramma. Andre store krigar, som dei i Sudan, Jemen og Kongo, taper kampen om merksemda.

Frå ei tid med internasjonal nedrusting ser me no aukande opprusting og tillitskrise mellom land i FN. Russland har gjort atomvåpentrukselen meir reell, og framveksten i bruk av kunstig intelligens og autonome våpen flyttar dei moralske grensene i krig. Dei internasjonale reglane for å hindra krig og krigsbrottsverk er under sterkt press, ettersom stormakter tar seg til rette i staden for å respektera folkeretten.

Den nye sikkerheitspolitiske situasjonen har ført til at eit samla storting ser behov for å styrka den nasjonale forsvarsevna. Men førebygging og handtering av krig krev innsats på langt fleire felt. Satsinga på militært for-

svar har overskygga det nitide, men heilt sentrale internasjonale fredsarbeidet. Slik treng det ikkje vera, og slik kan det ikkje vera dersom målet er å hindra meir krig og væpna konflikt og unngå at dei spreier seg til Noreg.

Noreg har ei lang historie for å drive freds- og forsoningsarbeid internasjonalt. No er det på tide å igjen styrka dette arbeidet og utvida Noregs innsats for fred. Fredsarbeid er tidkrevjande og blir ikkje alltid vellykka, men når ein lukkast, er gevinsten stor.

Forslaga i dette representantforslaget handlar om internasjonal nedrusting, fredsbygging, diplomati og forsvar av folkeretten. Dei spenner frå arbeid mellom statar i og utanfor FN til arbeid på bakken i konkrete konflikhtar, via sivilsamfunn, forskning og folk til folk-samarbeid. Det er i samspelet mellom ulike former for arbeid ein kan leggja til rette for ei fredelegare verd og hindra at krigar oppstår på nytt.

Forslag

På denne bakgrunnen vert det fremma følgjande

for s l a g:

- Stortinget ber regjeringa syta for at Noreg sluttar seg til FN's atomvåpenforbod.
- Stortinget ber regjeringa arbeida for at NATO går bort frå strategien om førstebruk av atomvåpen.
- Stortinget ber regjeringa arbeida for eit internasjonalt forbod mot bruk av upresise eksplosive våpen i byar og tettbygde strøk.
- Stortinget ber regjeringa arbeida for ein internasjonal juridisk bindande avtale som regulerer autonomi i våpen og sikrar meningsfull menneskeleg kontroll.

5. Stortinget ber regjeringa forsterka norske minerydingsprogram.
6. Stortinget ber regjeringa forsterka norsk innsats for fred i Sudan.
7. Stortinget ber regjeringa støtta Ukraina i forhandlingar om ein rettferdig fred.
8. Stortinget ber regjeringa ta initiativ til ein internasjonal våpenembargo mot Rwanda for å stoppa krigen i Kongo.
9. Stortinget ber regjeringa etablera eit program for vennskapskommunar i samarbeid med KS, for å støtta opp under dette verkemiddelet.
10. Stortinget ber regjeringa sørga for at sivil forskning på fred og sikkerheit får auka finansiering og stabile rammevilkår, inkludert at forskingsinstitutt som forskar på fred og sikkerheit, får auka grunnløyvingar.
11. Stortinget ber regjeringa styrka tilskotsordninga for freds- og nedrustingsorganisasjonar i Noreg i framlegg til statsbudsjett for 2026, og gjera denne meir føreseieleg og langsiktig for organisasjonane.
12. Stortinget ber regjeringa setta ned ein fredskommission som skal vurdera korleis Noreg kan styrka det konfliktførebyggande og fredsskapande arbeidet, både i nærområda og globalt.
13. Stortinget ber regjeringa føreslå eit forbod mot handel og anna næringsverksemd som bidrar til å oppretthalda Israels ulovlege okkupasjon og nærvær i Palestina.
14. Stortinget ber regjeringa koma tilbake til Stortinget med forslag til reviderte etiske retningslinjer for oljefondet som set ein stoppar for fondets investeringar i selskap som sel våpen til land som bryt FN-pakta og/eller krigens folkerett.
15. Stortinget ber regjeringa auka Noregs kapasitet til å straffeforfølgja brotsverk mot menneskeslekta.
16. Stortinget ber regjeringa fremma sak om å ratifisera Kampala-tillegget til Roma-vedtektene slik at Den internasjonale straffedomstolen får jurisdiksjon til å straffeforfølgja aggresjonsbrotsverk.
17. Stortinget ber regjeringa fremma forslag om å styrka det norske bidraget til Den internasjonale straffedomstolen (ICC) med finansielle og menneskelege ressursar i statsbudsjettet for 2026.

10. april 2025

Torgeir Knag Fylkesnes

Kathy Lie

Marian Hussein

Ingrid Fiskaa